



Sakshandsamar: Dagny K. U. Alvik
Telefon: 57 64 31 42
E-post dagny.alvik@fylkesmannen.no

Vår dato
19.11.2015

Vår referanse
2008/447
Rapportnummer
2015.056.I.FMSF

SIMAS iks
firmapost@simas.no

Tilsyn ved SIMAS iks Festingdalen

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningsregelverket, *merknader* om forbetringpunkt eller *andre forhold* som kan gjelde ytre miljø som er viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Hallvard Thomassen, Geir Øygaard, Kenneth Teigen og Linn Sofie Ugulen	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Dagny Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input checked="" type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input checked="" type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input checked="" type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart ikkje påvist avvik, men gjeve 4 merknader frå ureiningsregelverket. Tilbakemeldingane på merknadane må vere send til Fylkesmannen innan **21.12.2015**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
Ass fylkesmiljøvernsejef

Dagny K. U. Alvik
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

1. Informasjon om verksemda:

Stad (namn på anlegg): Festingdalen Ansvarleg verksemd: SIMAS iks	Organisasjonsnr. (stad): 876 028 662 Eigd av: 974 888 076
Kontaktperson: Hallvard Thomassen	Anleggsnummer og anleggsaktivitet: Deponi: 1420.0008.02 Avfall: 1420.0008.05 Farleg avfall: 1420.0008.06 Kompostering: 1420.0008.07
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: 7.4.08, 1998.163.T
Risikoklasse: 2	Gebyrtsats etter § 39-8 i ureiningsforskrifta: 2

2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen var ein oppfølging av revisjonen førre år som avdekkja alvorlege avvik på registrering av motteke avfall og rapporteringa til Fylkesmannen.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdatab.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

Innan 21.12.21015 ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

4. Gebyr for kontroll med verksemd utan utsleppsløyve

SIMAS iks er plassert i gebyrsats 2 etter § 39-8 i ureiningsforskrifta. Det vil seie at verksemda må betale kr. 15 900,- i gebyr for den gjennomførte kontrollen. Faktura med innbetalingsblankett vert send frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Storleiken på gebyret kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av storleiken eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad. Gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn, jamvel om klagen ikkje er endeleg avgjort innan forfall av faktura. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt gebyr refundert.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Det vart ikkje påvist avvik under kontrollen.

7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Registrering av motteke avfall

Kommentarar:

Verksemda har gjort mange forbetringar etter revisjonen på kontroll av avfall som skal deponerast. Det er likevel nokre forbedringspunkt som vi ynskjer å påpeike:

Avfallet blir no klassifisert basert på NS9431, og det er lagt til fleire avfallstyper som kan registrerast ved mottak. Verksemda bør vurdere om det er fleire inndelingar som også kan nyttast, slik som td betong, tegl og takstein, keramikk og porselen mm.

Verksemda er flinkare å krevje basiskarakterisering av avfall som skal på deponi, og nyttar ekstern kompetanse på vurdering av avfallsfraksjonar som kan vere farleg avfall. Det er også utarbeida eit utkast til ein rettleiar som verksemda kan nytte. Under tilsynet kom det fram døme på avfallsfraksjon med skjeresand som var registrert som rein masse, sjølv om analysen viste at den var forureina. Denne vart retta opp i når det vart påpeikt.

Laboratorium som har vurdert analyser av slam har ikkje gjort dei rette vurderingane på om avfallet er farleg eller ikkje. Det er brukt rettleiaren for forureina grunn som ikkje kan brukast til dette formålet. Viser elles til epostutveksling i etterkant av tilsynet.

Simas har lagt til rette for område der ein kan mellomagra avfall som ikkje er tilstrekkeleg basiskarakterisert medan ein gjer dei nødvendige vurderingane før eventuell deponering. Simas kunne ikkje vise til at denne vart brukt.

Merknad 2 Slamlagune

Kommentarar:

Simas har etter revisjonen fått på plass rutine for handtering av feitthaldig slam i komposteringshall. Verksemda har fortsatt ei lagune på deponiet som er merka med oksydslam. Under tilsynet vart det observert flytande grått slam i laguna som kan tyde på at det har vore tømning i nyare tid. Verksemda har også eit anna område som vert brukt til kompostering av slam, og som kan nyttast ved nødtømmingar dersom ein har gode rutiner som sikrar forsvarleg kompostering. Simas bør vurdere å fjerne slamlagune merka oksydslam for å unngå at denne blir brukt trass nye retningslinjer.

Merknad 3 Lagring av impregnert trevirke

Kommentarar:

Impregnert trevirke bør lagrast på fast dekke slik at ein kan samle opp alt til vidarelevering. Under tilsynet var det impregnerte trevirket lagra på deponiet, og delvis knust ned i massane. Kravet i gjeldane løyve er at farleg avfall skal leverast vidare innan 6 månader.

Merknad 4 Risikovurdering av ny sorteringshall

Kommentarar:

Verksemda er i slutfasen av ferdigstillinga av ny sorteringshall. Det er viktig at det vert gjort ei risikovurdering av forhold som kan påverke ytre miljø før ein tek i bruk hallen. Det er viktig å få med nye aspekt pga ny måte og jobbe på. Døme som vart omtala under tilsynet var mellom anna risiko for feilsortering og moglegheit for å oppdage dette etter at det er pakka i ballar og emballert.

8. Andre forhold

Dette var eit oppfølgingstilsyn etter revisjonen i fjor. Verksemda har jobba godt med avvika som vart påpeikt, både gjennom systemendringar og i praksis.

Uavvatna slam

Det vart gjeve avvik ved revisjonen på at slam som ikkje var avvatna vart tømt i slamlagune inne på deponiområde utan tilstrekkeleg kompostering slik at det i praksis vart avrenning gjennom deponiet. Dette var i strid med § 9-4 i avfallsforskrifta.

Simas har derimot lov til å ta imot uavvatna slam og handtere/kompostere dette. Vi viser også til ureiningslova § 29 som seier at «kommunen skal ha anlegg for opplag eller behandling av husholdningsavfall og kloakkslam og ha plikt til å ta imot slikt avfall og slam.» Simas tek ikkje lenger i mot uavvatna slam, og dette vert i hovudsak sleppt på reinseanlegga/avløpsnett til kommunane. Det er lite avansert reinsing på avløpet i Sogn, og det vil difor i praksis sei at slammet i stor grad går ureinsa til sjø.

Simas har i det siste vist gode resultat på komposteringa av mat- og hageavfall, og verksemda bør difor gjere ei ny vurdering på om de også kan handtere dette slammet og gjere det om til ein ressurs.